



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 987 312 270
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: MARGIT OG OLA VASSBAKKES LEGAT
Forretningsadresse: v/Gunnhild Vassbakke Dale
Dalsfjordvegen 2766
6120 FOLKESTAD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Gunnhild Vassbakke Dale
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 06.04.2017

Grunnlag for avgivelse

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 08.03.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Sal av bøker og andre inntekter		2 161	0
Kulturmidlar og tilskot elles		2 000	2 000
Sum inntekter		4 161	2 000
Kostnader			
Kjøp av bøker		630	
Husleige		500	
Andre driftskostnader	2	260	1 817
Sum kostnader		1 390	1 817
Driftsresultat		2 771	183
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		13	25
Renteinntekter på grunnkapitalen	1	299	2 089
Sum finansinntekter		312	2 114
Netto finans		312	2 114
Ordinært resultat før skattekostnad		3 083	2 297
Ordinært resultat etter skattekostnad		3 083	2 297
Årsresultat		3 083	2 297
Overføringer og disponeringer			
Overført til annan egenkapital		3 083	2 297
Sum overføringer og disponeringer		3 083	2 297



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum anleggsmidler		0	0
Omløpsmidler			
Varer			
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskott	1	84 902	81 819
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		84 902	81 819
Sum omløpsmidler		84 902	81 819
SUM EIENDELER		84 902	81 819
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital	1	53 562	53 562
Sum innskutt egenkapital		53 562	53 562
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital		31 340	28 257
Sum opptjent egenkapital		31 340	28 257
Sum egenkapital		84 902	81 819
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		84 902	81 819



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
---------------------	-------------	-------------	-------------



ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING
FOR 2016

MARGIT OG OLA VASSBAKES LEGAT



**ÅRSMELDING FOR
MARGIT OG OLA VASSBAKKES LEGAT
INDRE DALSFJORD FOLKEBOKSAMLING
2016**

Indre Dalsfjord Folkeboksamling held til i Åmelfot i Volda kommune. Indre Dalsfjord Folkeboksamling er, som namnet seier, ei boksamling, og driv med vanleg utlån av bøker.

Indre Dalsfjord Folkeboksamling er ei stifting. Boksamlinga vert driven på frivillig basis, og har såleis ingen tilsette.

Ved å tilpasse årlege innkjøp av nye bøker til årlege inntekter, forventar vi fortsatt drift av boksamlinga.

Boksamlinga/legatet driv ikkje aktivitetar som forureinar miljøet.

I styret er begge kjønn representert.

	2016	2015	2014
Driftsinntekter	4.161	2.000	1.500
Årsresultat	3.083	2.298	-1.189
Eigenkapital	84.902	81.819	79.522

Etter styret si vurdering gir oversikta over eit rettvisebilete over verksemda si utvikling, resultat og stilling.


Åmelfot, 10.03.2017


Styret i Margit og Ola Vassbakkes legat
Indre Dalsfjord Folkeboksamling


Gunnhild Vassbakke Dale
leiar


Tove Åmelfot


Inger-Mari Dalebø







Steinar Steinsvik


Marfy Furnes



RESULTATREKNESKAP			
Margit og Ola Vassbakkes Legat			
	Note	2016	2015
Driftsinntekter			
Sal av bøker og andre inntekter		2 161	0
Kulturmidler og tilskot elles		2 000	2 000
Sum driftsinntekter		4 161	2 000
Driftskostnader			
Kjøp av bøker		630	0
Husleige		500	0
Andre driftskostnader	2	260	1 817
Sum driftskostnader		1 390	1 817
Driftsresultat		2 771	183
Finansposter			
Renteinntekter på grunnkapitalen	1	299	2 089
Andre renteinntekter		13	25
Netto finansposter		312	2 114
Årsresultat		3 083	2 298
OVERFØRINGAR			
Overført til (frå) annan eigenkapital		3 083	2 298
Sum overføringar		3 083	2 298



BALANSE			
Margit og Ola Vassbakkes Legat			
EIGEDELAR	Note	31.12.2016	31.12.2015
Finansielle anleggsmiddel			
Rentefond	1	0	0
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>0</u>	<u>0</u>
Sum anleggsmiddel		<u>0</u>	<u>0</u>
Omløpsmiddel			
Bankinnskott	1	84 902	81 819
Sum omløpsmiddel		<u>84 902</u>	<u>81 819</u>
SUM EIGEDELAR		<u>84 902</u>	<u>81 819</u>
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	1	53 562	53 562
Sum innskoten eigenkapital		<u>53 562</u>	<u>53 562</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		31 340	28 257
Sum opptent eigenkapital		<u>31 340</u>	<u>28 257</u>
Sum eigenkapital		<u>84 902</u>	<u>81 819</u>
Kortsiktig gjeld			
Påkomen husleige	3	0	0
Sum kortsiktig gjeld		<u>0</u>	<u>0</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>84 902</u>	<u>81 819</u>
Åmelfot, 10.03.2017		I styret for	
		Margit og Ola Vassbakkes Legat	
 Gunnhild Vassbakke Dale	 Marny Furnes	 Steinar Steinsvik	
styreleiar			
 Tove Åmelfot	 Inger-Mari Dalebø		



NOTAR for 2016
Margit og Ola Vassbakkes Legat

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er meint til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal betalast attende innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterie lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men blir skrive ned til verkeleg verdi når verdifall er forventa å ikkje vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert planmessig avskrive. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følge av renteendring.

Finansinntekter vert rekneskapsførte når dei vert godskrive bankkontoen til legatet. Øvrige inntekter vert rekneskapsført når dei er opptent.

Note 1

Grunnkapital

Grunnkapitalen vart i 2015 overført frå depot i DnB til kapitalkonto i Sparebank1 Søre Sunnmøre. Inneståande på kapitalkonto pr 31.12.2016 er kr 55.300.

Note 2

Løn/tilsette samt honorar til revisor

Det er ingen løna tilsette, alt arbeid skjer på dugnad.
Honorar til revisor er kr 200,- eks. mva.



hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til styret i
Margit og Ola Vassbakkes legat

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert Margit og Ola Vassbakkes legat sin årsrekneskap som viser eit **overskot på kr 3.083**. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av legatet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av legatet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til legatet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Førsetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

HOVUDKONTOR ØRSTA:	AVDELINGSKONTOR EID:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoane for at vesentleg feilinformasjon som følge av misgjerdar ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje, sidan misgjerdar kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av legatet sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om legatet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at legatet ikkje held fram med drifta.
- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilde.

Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.



Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra over, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av legatet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi legatet er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 05.04.2017

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Geir A. Vatne

statsuatorisert revisor